

terer Lise Togeby ukritisk standardiserte regresjonskoeffisienter uten noen form for synlig signifikanstesting. Ingmar Glans er også altfor overflatisk i sin presentasjon av den kompliserte logitanalyse. Hans hovedtabell som går over to helsider, kan trolig kun leses av de med inngående kjennskap til denne form for metode. (Det skal allikevel fremheves at Glans senere i sitt kapittel omgjør sine koeffisienter til prosenttall, og dermed klart får frem sine poenger.) Som en kontrast har vi Jørgen Elklit som i et omstendelig kapittel skriver om mer grunnleggende trekk ved intervjuforskningen. Forsåvidt greit nok, men i forhold til de nettopp nevnte kapitlene, blir dette lærebokstoff på et relativt elementært nivå.

Til slutt et par kommentarer om boken rent utseendemessig. Den består av ca. 400 sider eksklusivt appendikser, og en

omfattende tabellpresentasjon går igjen i de fleste kapitler. I tillegg legges det vekt på tidsserier med utgangspunkt i 1960- og 1970-årene, noe som øker tallmaterialet, og reduserer tilsvarende lesevennligheten. Men kun de færreste kapitler inneholder eksempelvis figurer, og de få som er presentert er verken spesielt illustrerende eller teknisk sett gode. Her kunne redaktørene ha frisket opp utseendet med relativt enkle grep. Tross alt inneholder boken ca. 170 enkelttabeller.

Et siste spørsmål: Hvor er tabellen som viser de *offisielle* valgresultatene fra 1987, 1988 og gjerne enda lenger tilbake? At denne mangler, må skyldes en beklagelig forglemmelse.

Gunnar Vogt

Ottar Brox

«*Kan bygdenæringene bli lønnsomme?*»

Oslo, Gyldendal 1989, 188 sider, kr. 198,-

Ottar Brox har skrive ei viktig bok for alle som er opptekne av distriktspolitikk og ressursforvaltning. For ein planleggar oppteken av desse spørsmåla, er det kanskje den viktigaste boka som kom ut på 1980-talet.

Brox plasserer sjølv boka si innan det som vert kalla institusjonell økonomi. Med dette meiner han studiet av korleis institusjonelle strukturar og kulturelle prosessar verkar inn på dei økonomiske prosessane. Boka drøftar situasjonen i jordbruk, skogbruk, fiske, havbruk og reindrift. Mest plass er nytta på fiske og jordbruk. Brox finn at skogbruk og havbruk i dag er lønsame. fiske, jordbruk og reindrift er det ikkje. Årsaka til så vel lønsemd som manglande lønsemd meiner han å finne i institusjonelle strukturar, og

ut av analysen veks det framlegg til endringar i institusjonane som Brox meiner vil gjere bygdenæringane lønsame.

No er det likevel ikkje svaret på spørsmålet han stiller i tittelen, som gjer boka viktig. Den er heller ikkje viktig på grunn av dei konkrete – og sjølv sagt kontroversielle (jfr. Seip's omtale i Aftenposten 3/4-89) – framlegga til reformer for å gjere jordbruk, fiske og reindrift lønsame.

Det som gjer boka viktig, er det teoretiske grunnlaget for framlegga og resonnementa omkring dei prosessane som har ført oss fram til det Brox kallar den paradoksale situasjonen at fiskarane i Finnmark, som har mellom dei beste naturlege føresetnadene på jorda for å drive eit lønsamt fiske, må subsidierast med om lag like store beløp per årsverk som jord-

brukarane i landsdelen, som trass alt driv verksemda si i eit av dei mest marginale områda vi kan tenkje oss for kommersielt jordbruk.

Nøkkelen til å skjønne kva som har skjedd i norske primærnæringar finn Brox dels i klassisk politisk økonomi (Ricardo, Marx) gjennom grunnrente-omgrepet og dels i moderne bio-økonomiske resonnement (Gordon, Munroe).

No er ikkje grunnrente noko eintydig omgrep. Brox er sjølv inne på det når han skriv (side 17):

Det er lett å se at begrepet «grunnrente» i denne boka vil bli brukt på en tvetydig måte, dvs. at jeg med dette ordet både refererer til markedsprisbestemt leie for ressurser, i Ricardos klassiske forstand, og den «samfunnsmessige», «langsiktige», «potensielle» verdien av «the indestructible powers of the soil».

Brox er mest oppteken av grunnrenta i den siste tydinga. Han nyttar omgrepet til å vurdere lønsemda i den faktiske bruken vi gjer av ein gitt naturressurs i høve til kva lønsemda kunne tenkjast å vere med andre rammevilkår for bruken av den. Vi kan referere noko av resonnementet omkring utnyttinga av fiskeressursen.

Ein primærnæringsprodusent må kombinere arbeidskraft med kapital i form av kunnskap og reiskap (teknologi) og med kapital i form av naturressursar (landareal eller sjøareal) for å få fram eit produkt. Økonomisk teori skil ikkje mellom kapital i form av naturressursar og kapital i andre former. Men dette skiljet viser seg viktig når ein studerer t.d. fiskeria eller rein-driftsnæringa. Til skilnad frå jordbruket er det ikkje definert eintydige eigarrettar til naturressursen fisk eller naturressursen reinbeite (noko upresist kan dei omtalast som allmenningssressursar). Så lenge det ikkje finst nokon veldefinert eigar til kapitalen er det heller ikkje nokon som kan vurdere lønsemda i bruken av den.

Teoriar om utnytting av allmenningssressursar viser da at med dei institusjonelle rammene vi har (kunnskap og reiskap i

privat eige i ein konkurranseøkonomi), vil allmenningen eller felleseiga bli «plyndra». Og vi vil, om ingenting blir gjort, kunne oppleve «allmenningens tragedi» på to nivå. I første runde blir fiskebestandane beskatta til dei er trua av utrydding. Dette er første nivå av allmenningens tragedie. Dette fører til kvoteregulering. Når fiskarane har teke i land eit visst kvantum vert det fangststopp. I neste runde investerer fiskarane i reiskap som er så effektive at eit års kvote er fiska opp på nokre få dagar. Dette er andre nivå av allmenningens tragedie.

Om ein kunne tenkje seg ein rasjonell aktør som eigar av heile fiskeressursen, er det klart at denne aktøren ville fiske opp nett så mykje fisk som havet kunne gi årleg utan at fiskestamma minka og med nett så mykje reiskapar at fiskarane klarte å få opp denne avkastninga i løpet av året. Når leige for kapital til reiskap, kunnskap og arbeidskraft var betalt ville da eigaren sitte igjen med ei eigarinntekt for fiskeressursen – eller grunnrente – eit mål på «the indestructible powers of the soil» (Ricardo). Om ikkje denne grunnrenta var større enn null ville den rasjonelle aktøren kutte ut fangsttinningsatsen. I dag er grunnrenta ifølge Brox negativ både i jordbruk og fiske. Førstehands salsverdi dekkjer ikkje eingong kapitalrente på reiskap og arbeidsvederlag. Men om ein kan tenkje seg institusjonelle strukturar som variable, meiner han å kunne vise at den potensielle grunnrenta i alle fall frå fiskeria er stor.

Den institusjonelle strukturen som Brox så drøftar utforminga av, vil eg seie er eigarretten til fiskeressursen (t.d. omsetjelege mannskvotar ifølgje Hannesson, uomsetjelege ifølgje Brox). For å få ein rasjonell bruk av ressursen må det definrast eintydige eigarrettar til den og dei må fordelast på ein slik måte at eigaren eller eigarane vert oppmuntra til ei samfunnsmessig optimal utnytting.

Den samfunnsmessige optimale utnyttinga får ein ved å maksimere «grunnrenta», ikkje beint fram som kanskje ein økonom ville vere nøgd med, men under

visse sidekrav. Rasjonelle aktørar og ein-tydige eigarrettar vil gi maksimal grunnrente, og framlegg i retning av å definere eigarrettar har det kome fleire av m.a. frå fiskeriøkonomar. Det Brox gjer i tillegg til dette, og her er vi i nærleiken av det som gjer at eg meiner boka er særleg viktig, er å vurdere framlegga om fordeling av eigarrettar dels opp mot kva som er politisk mogeleg og akseptabelt i dagens Norge, og dels opp mot kva som på lengre sikt vil kunne styrkje og halde ved like den egalitære, demokratiske kulturen i Bygde-Norge. Dette representerer sidekrava i maksimeringsproblemet.

Først når vi med utgangspunkt i dagens samfunn kan vurdere kulturelle og strukturelle verknader av institusjonelle endringar i økonomien, vil samfunnsforskninga kunne bidra konstruktivt i valet mellom ulike utformingar av økonomiske verkemiddel.

Resonnementet over problema i fiskerinæringa bygg på at fisket er fritt for alle og at teknologien gjer det mogeleg å ta ut meir enn den naturlege tilveksten i fiskebestanden. Når institusjonaliserte vekstprosessar møter vekstens grenser skjer ein av to ting: institusjonen bryt saman eller den endrar seg.

I fiskeria møtte vi vekstens grenser i form av ei endeleg avkastning i fiskebestanden. I jordbruket har ein møtt vekstens grenser på ein annan måte. I århundre har tilgangen på jord vore den knappe faktoren for jordbruksproduksjonen. Vekstens grenser låg i mangelen på areal. Sett i historisk perspektiv er det ikkje tilfeldig at utvikling av eigedomsrettsreglar skjedde i samband med reguleringa av tilgangen på jord og bruken av den. Men den teknologiske utviklinga har endra på dette tilhøvet. I dag har både norske og andre lands bønder møtt vekstens grenser i form av at det ikkje er mogeleg å ete så mykje mat. For dei viktigaste jordbruksprodukta er ein nær eller langt inn i ein situasjon med overproduksjon.

Utan at Brox seier det direkte, kan det

lesast ut av framstillinga hans at utviklinga i delar av jordbruket har vore merkeleg parallell til det som skjer i fiskerinæringa. Konkurransen om den knappe og gratis ressursen «mjølkemarknaden» har hatt heilt parallelle konsekvensar til konkurransen om den knappe og gratis ressursen «fisk». I fiskerinæringa har ein famla seg fram i retning av eigarrettar gjennom å definere kvotar og dele ut konsesjonar. I mjølkeproduksjonen har ein gjort nett det same. Ein har t.d. definert kvotar og gjennom topprisordninga byrja reise barrierar for nybegynnarar og spørsmålet om konsesjon for mjølkeproduksjon har vore drøfta. Ein har med andre ord byrja famle seg fram i retning av eigarrettar til ein *marknadsandel*.

Men krava til dei eigarrettane som vi kan definere her, bør vere dei samme som dei vi definerer i fiskeria: Motiverer dei eigareren til ein optimal bruk av ressursen? Korleis høver dei saman med resten av eigedomssystemet i landet vårt? Er dei i samsvar med vårt politiske system og våre demokratiske verdiar? Måten Brox resonnerer og argumenterer på gjer det mogeleg å reise slike spørsmål og antydgar at det er mogeleg å gi svar.

Det er for meg, som langtidsstudent av styringsproblem, interessant å sjå at vi no i jordbruket er på veg inn i ein situasjon som liknar t.d. legeprofesjonen sin situasjon. For å halde oppe prisane på tenestene sine og sikre alle eit levebrød må tilgangen på nye lækjarar strengt regulerast, dels gjennom opptak til medisinstudiet, dels gjennom konsesjonsordningar (avtale med kommunen). Men situasjonen er kanskje karakteristisk for alle produkt (og dermed også produsentar) der marknaden er allmenn, livsnødvendig og endeleg? Sjølv om konkurranse mellom produsentane (anten dei no er legar eller bønder) ville vere fordelaktig på kort sikt, vil dei langsiktige konsekvensane av «normal» konkurranse vere destruktive og ikkje i forbrukarane sine interesser. Kanskje ein kan få idear til korleis jordbruket bør eller ikkje bør regulerast ved å studere legeprofesjonen?

I framstillinga av Brox sine resonnement har eg her lagt vekt på eigarrettane, korleis dei er definert og fordelt. Brox seier ikkje så mye om eigarrettane og definerer ikkje problemet i samme ordelag som eg har gjort her. Det er likevel tydeleg at når han vurderer korleis det norske samfunnet skal maksimere grunnrenta tenkjer han seg at eigarrettane høyrer fellesskapet til Grunnrenta skal gå inn i felleskassa for å dekkje velferdsgoda våre. Brox trur kanskje at dermed er eigedomssida relativt uproblematisk. Men sjølv om ein tar felleseige av grunnrenta t.d. i fiskeria som ein premiss for fordelinga av brukarrettane, hjelper det lite for definisjonen av dei: nøyaktig kvar går grensa mellom det ein har rett til å bruke og det ein ikkje får bruke, og korleis kan det ein har fått til disposisjon delast opp og avhendast? Å kalle retten ein bruksrett og ikkje eige, gjer ikkje retten – i teoretisk forstand – til noko anna enn ein eigarrett med noko andre former for rettar og plikter enn det «normal» full eige gir.

Men det er kanskje enno ein grunn til at Brox ikkje heilt går inn på den terminologien eg har nytta her. Både Brox og dei fiskerøkonomiske autoritetane han debatterer med, synest gå ut frå at den historiske realiteten har vore at havet alltid har vore allmenning, dvs. fritt for «alle» (side 67). Brox er svært oppteken av allmenningen og allmenningens funksjon for småkårsfolk (jfr. Ottar Brox *Nord-Norge. Frå allmenning til koloni*, Universitetsforlaget 1984.) Eg synest skimte eit sterkt ønskje om å ta vare på havet utanfor Nord-Norge som allmenning for dei som bur i landsdelen. Og her er han kanskje nærmare tradisjonane i norsk eigedomsrett enn han aner, i alle høve om vi skal tru professor Knut Robberstad. I ein oversikt over «Tingsretts saga» (Knut Robberstad «Tingsretts saga» i «*Jus og Jord*» Heidersskrift til professor Olav Lid på 70-årsdagen, Det Norske Samlaget, 1978) skriv han:

Fiskeretten i vassdrag har frå gammalt av

høyrt grunneigaren til . . . Det er grunn til å tru at den gamle regelen, at kvar eig fisket utfor sitt land, galdt for fiske i sjøen og. Men fiskeværi var gjerne ålmenningar, og der var fisket fritt for dei bygdelag som fiskeværet låg til. Regelen om at fiske på sjøen er fritt for alle, er ein framand regel, truleg frå romarretten, og har sige inn i norsk rett gjennom ein lang tidbolck, frå 1500-talet og utetter, og særleg på 1800-talet . . . Den romarrettslege regelen om fritt fiske vart sett i verk på Lofothavet med ei lov av 23. mai 1857. Lovi møtte sterk motvilje. Ketil Motzfeldt, som hadde ei hovudrolle i lovførebuingi skreiv: «Nordlændingen vil naturligvis først etter flere Aars Forløb kunne komme til at begribe og bruge, og da ogsaa sætte Pris paa den nye gode Lov. Nu befinder Nordlændingen sig som en gammel fransk Marquis maatte befinde sig midt i Revolutionen.»

Ifølgje dette var havet utanfor Nord-Norge dels i privat eige og dels bygdeallmenning fram til midten av førre hundreåret. Den prosessen som har gitt oss allmenningens tragedie av første nivå, og langt på veg av andre nivå, starta med å ta frå fiskarane det dei etter gammal rettstradisjon såg som sine rettar. Trollfjordslaget i mars 1880, 23 år etter at Motzfeldt proklamerte den nye gode tida, var kanskje ikkje verre eit utslag av nordnorske «luddittar», men like mykje eit resultat av at dei enno meinte å «eige» fisken på Lofothavet.

Å kome med framlegg om ei deling av eigarrettane til fisken i havet utanfor Nord-Norge som tar særleg omsyn til dei som bur ved kysten kan ein såleis seie er i pakt med historiske tradisjonar. Men nøyaktig korleis eigarrettane skal definerast og fordelast treng nok ei grundigare vurdering enn den vi finn her. Brox har likevel peika på ein måte å resonnerer på som eg trur vil føre oss i retning av betre og meir lønsame løysingar på problema omkring distriktpolitikk og ressursforvaltning.

Erling Berge